det nasjonale momentet i målstriden. Hun sier  
at fra et rent lingvistisk synspunkt er riks-  
målets skriftnorm «i det vesentlige dansk, men  
en rent lingvistisk betraktning er ensidig og til  
dels irrelevant når det gjelder sprogenes rolle  
og funksjon innenfor kulturlivet» (Vurd. s. 13).

Hadde professor Dal her avgrenset seg til  
skriftnormens vokabular, de ubøyde ordkrop-  
pene som står i ordboka, ville jeg gå videre enn  
henne, og si at det ikke bare er irrelevant at  
språkhistorikerne kan fortelle oss at noen av  
disse ordkroppene er av fremmed opphav. Jeg  
ville gå så langt som å si at det kanskje ville  
være en fordel om vår vokabular besto av  $\frac{1}{3}$   
germansk,  $\frac{1}{3}$  romansk og  $\frac{1}{3}$  slavisk språkmate-  
riale. Det kan f. eks. ikke påvises noe kultur-  
fall i England i samband med masseadoptionen  
av franske lånord i middelalderen.

Ingerid Dals kritikk rammer imidlertid ikke  
bare det en kunne kalle ordpurisme. Den ram-  
mer også den «purisme» som tar sikte på ut-  
sjalting av danske formelementer til fordel for  
norske, utsjalting av *døren* til fordel for *døra*,  
osv.

Selvfølgelig har professor Dal rett i at det i  
og for seg er irrelevant for språkets funksjon at  
riksmålets formverk delvis er av dansk opphav,  
men, etter det jeg kan se, stiller det seg anner-  
ledes med formverket enn med vokabularen i  
vår aktuelle språksituasjon. Selve ordet *betaling*  
blir godkjent av alle nordmenn selv om det  
tydelig nok er av tysk opphav. Det er vel van-  
skelig å finne en norsk avløser her. En annen  
tysker, *besøk*, blir godkjent av de fleste, og det  
er lett å spå at nynorskens *vitjing* ikke greier  
å slå ut *besøk*.

Ordene *betaling* og *besøk* må altså betraktes  
som folkemålsord på samme tid som de hører  
med til det tradisjonelle riksmåls vokabular. Så  
lenge disse ordene står rolig og pent i ordboka,  
vekker de ingen forbitrelse, men dette er i høy  
grad tilfelle i det øyeblikk de begynner å røre  
på seg, f. eks. opptrer i formene *betalinga*, *be-  
søka* eller *betalingen*, *besøkene*. Her kommer  
det nemlig inn en skarp motsetning mellom det  
grammatiske system i norsk folkemål og i det

tradisjonelle riksmål. Vi har det forhold at *et grammatisk apparat som er i alment bruk i folkemålet står ferdig til å avløse et grammatisk apparat som ikke er i alment bruk i folkemålet*. Spørsmålet blir da om en slik prosess er 1) ønskelig og 2) mulig.

Her er det da at professor Dals og mine veier skilles, noe som jeg tror først og fremst henger sammen med vår ulike sosio-lingvistiske bakgrunn (om en kunne bruke et slikt uttrykk) og mindre med ulike vurderinger på rent språkvitenskapelig grunnlag.

Når det gjelder første punkt kan jeg nøye meg med å si at det for meg er umiddelbart innlysende at det er en fordel at det norske skriftspråket har et formverk som det overveldende flertall av det norske folk bruker i sin dagligtale. Jeg vil hevde dette inntil påstanden om at dette formverket virker drepende på norsk kultur blir sannsynliggjort.

Når det gjelder punkt 2 har vi sett at professor Dal her svarer nei. Hun mener at folkemålsformene ikke tåles av riksmålets system, og derfor må de avvises. La oss se litt nærmere på dette spørsmålet.

Det fremgår av professor Dals innlegg at hun regner 1907-endringene *stene* til *stener* og *bene* til *ben* for systemendringer. Hun nevner i forbifarten «endringer i systemet for flertallsformene» i 1907 (Vurd. s. 17). Vi kan altså slå fast at riksmålets system tålte endringer i 1907.

Det ville selvfølgelig være for lett vint uten videre å dra den konklusjon at dersom systemet på et punkt tålte endringer i 1907, f. eks. *bene* til *ben*, så tåler det også i 1958 en endring på et annet punkt, f. eks. *gaten* til *gata*, men med vår erfaring fra 1907 bør vi vel likevel regne med at systemet i 1958 tåler en slik endring.

Når det gjelder hunkjønnsformen på *a* resignerte allerede Riksmålsforbundets rettskrivningskomité av 1913. Komiteen fant at *a*-formene rett og slett ikke lot seg holde ute fra skriftspråket. Det ser ut som disse formene tåles. De har fått stor utbredelse i bokmålet.

At systemet kan tåle flertallstypen *dyra* blir sannsynliggjort ved at formene *barna* og *bena* allerede står der som de normale formene.

Om fortidsendinga *a* for *et* i verbaltypen *kaste* heter det i Framlegg (s. 100) at *a* «har hatt vanskelig for å trenge inn i bokmålet tross den sterke utbredelse den har også i øst-norsk folkemål (bl. a. i hovedstaden), og på tross av at den siden 1938 har vært jamstilt form».

Det går ikke klart fram av professor Dals innlegg om hun regner endringen *kastet* til *kasta* som en systemendring. Etter min oppfatning er det ingen systemendring. Det er bare en utsjaltning av et element til fordel for et annet med samme grammatiske funksjon. Derimot må alle være enige om at endringen *døren* til *døra* går på systemet løs, siden det her gjelder innføring

av en ny grammatisk kategori.

Godtar vi dette resonnement, kommer vi fram til den interessante konklusjon at *et radikalt innbrott i riksmålets system (døren til døra) har hatt lettere for å bli akseptert enn en endring (kastet til kasta) som ikke bryter inn i selve systemet*.

Vår tvil på betydningen av systemets enhet og koherens, som alt var vekket av det faktum at dette system tålte endringen *stene* til *stener* i 1907, blir enda større når vi nå altså ser at *døra* i 1958 blir akseptert i langt større utstrekning enn *kasta*.

Når det gjelder spørsmålet hvorfor flertallstypen *dyra* har hatt vanskeligere for å trenge inn i bokmålet enn entallstypen *døra* gir Språknemnda det svaret at *a* i intetkjønn flertall står svakere i bymålene (Framlegg, s. 89).

Spør vi videre hva som kan være årsaken til denne svakere stilling, synes det rimelig å ta i betraktning systemets enhet og koherens. I bestemt flertall har det tradisjonelle riksmål ingen kjønnsdifferensiering. Elementet *ene* legges til alle ord og gir følgelig uttrykk for begrepene «flertall» og «bestemt» uten på samme tid å angi ordets kjønn. I entall derimot har man hatt en todeling på grunnlag av grammatisk kjønn: *Veien, bygden, dyret*. Det går da kanskje an å se det slik at innføring av flertallstypen *dyra* er et hardere innbrott i systemet enn innføring av entallstypen *bygda*. Det første betyr innføring av en kategori i bestemt flertall som ikke før fant uttrykk der, en spalting av det homogene formelement *-ene*, mens det siste betyr en reorganisering av en allerede eksisterende kategori i entall. En går her fra en allerede eksisterende tospalting (*-en, -et*) til trespalting (*-en, -a, -et*): *Veien, bygda, dyret*. En kunne også rent generelt vise til det faktum at systemet med grammatisk kjønn i det hele står svakere i flertall enn i entall i de germanske språk.

Enda om et synspunkt som dette kanskje kan la seg høre når det gjelder å forklare hvorfor flertallstypen *dyra* har hatt vanskelig for å trenge inn i bokmålet, kan et liknende synspunkt ikke komme på tale når det gjelder å forklare hvorfor typen *kasta* har hatt samme vanskelighet. Etter det jeg kan se, nytter det ikke her å vise til systemets krav, for endringen *kastet* til *kasta* er ikke egentlig en systemendring, og årsaken til at *kasta* har vanskelig for å trenge inn i bokmålet kan følgelig ikke søkes i bokmålet system.

Årsaken må søkes på det sosiale plan. Vi kunne kanskje si det slik at typen *kasta* er sosialt og stilistisk belastet. Det er i denne sammenhengen verdt å merke seg hva Språknemnda sier om typen *kastet* (Framlegg, s. 99): «Et-ending finst i norsk folkemål berre i bergensk. Hertil kjem

Over til side 9.

Rolf Inge Anda:

## Motløyse i ortografiens irrgangar

*Denne artikkelen har vi henta frå Dag og Tid nr. 29 for i år. Vi meiner Anda her peiker på viktige spørsmål i norsk språknormering, spørsmål som særleg lærarar i grunnskolen er opptekne av.*

Problemet eg her skal ta opp, kan synast smått og uvesentleg i ei verd med botnlaus armod og naud. I ein større sammenheng kan likevel det småe iblant ha ei viss meining.

Som norsklærer i ungdomsskolen og seinare mange år i det norske gymnasiet, bar eg lenge løynleg på eit stort kompleks: Du er den einaste som aldri maktar å læra elevane dine å skriva morsmålet korrekt — korkje nynorsk eller bokmål. For fire år sidan fall ein stein frå hjarta. Eg blei då sensor i norsk ved examen artium. Kvar vår kjem 400—450 norske stilar frå heile landet dettande ned på skrivebordet, og alt første våren blei det straks klårt at eg slett ikkje er den einaste norsklæraren i gymnasiet som mislukkest i å læra alle elevane det meiningslause skriftsystemet vesle Norge må dragast med. Berre den som i mange år har undervist i norsk, veit korleis dette kan slita — øydeleggja mykje av gleden det elles er å undervisa i morsmålet. Faget krev stor innsats av både elev og lærar.

Begge mistar no og då motet — krava er for store. — Universiteta klagar over at studentane ikkje kan uttrykkja seg forståeleg, enn seia ledig, i skriftlege framstillingar. Til skolane kjem attestar, sjukemeldingar o.l. som syner at det er grunn til å klaga. For mykje tid har vore nytta til reint tøv i norskopplæringa. Fekk vi meir tid, kunne vi og få betre høve til å læra dei unge å bli glade i morsmålet. Mange som har god språkkjensle, og kanskje noko dei gjerne ville ha festa på papiret, blir motlause inne i ortografiens irrgangar. Dei har kan henda ein medviten eller umedviten uvilje mot det dei ikkje kan skjøna — og ikkje skjønar kvifor dei ikkje skal skjøna det. Kunne vi få gjennomført ein tilnærma logisk ortografi, ville ein god del ha vore vunne. Elevane ville då truleg få lyst til å arbeida med stilistikk og syntaks — med etymologi og semantikk for det vi veit. I dag får vi berre så vidt tid til å nemna desse aspekta ved språket. Men først og fremst ville dei få frigjort tid til å arbeida meir med litterære emne, og det er svært om å gjera i vår tid.

Elevane som kvar vår går opp til examen artium, har minst 12 års skolegang bak seg. Dei har den høgste allmennutdanninga landet kan

gjeva dei. Likevel er det berre svært få av desse som heilt ut har kontroll over det som skulle vera ein liten del av språkopplæringa — norsk ortografi. Bak dette magre resultatet ligg mykje bortkasta arbeid gjennom mange år. — 7-åringen er meir av ein logikar enn mange trur. Han lærer om dei to små trolla Hokus og Pokus. Når dei dreg ut ein raud bokstav (ein vokal) — slik dei kan dra ut ein tyggegummi — skal vi ha éin blå (konsonant) etter. I ordet TAK har trolla drege a-en lang. På a-en i TAKK gjer dei eit lite, elegant tåspisshopp. Dette er logisk og greitt. Dei aller fleste små skjønar dette. Sjølv sagt skriv dei då DAMM, VILL, KANN, KJENNDE (KJENNTE), SPILLTE, TYKKTE osv. Men her vankar det mange raude strekar i logikaren si skrivebok. «Men — frøken, du sa jo at — — —!» — «Ja, men — — —!» — Kva skal ein no svara dei? Det er vel upedagogisk å fortelja dei små at dei skal læra noko absurd? — I alle høve éi lærebok har kome læraren på barnesteget til unnsetning. Der finn dei eit tre med mange greiner, og på kvar grein står eit av dei orda Hokus og Pokus har måtta gjeva opp å hanskast med. «Desse må du læra godt!» — Etter ei tid, men for mange med mykje strev, lukkest dette på eit vis. No skal vi vidare — vi skal læra om ein kry bokstav. Den vil ikkje sjå i, y, ei eller øy etter seg. Difor skriv vi SKINNE, SKØYTE, SKEISE osv. Mange menneske ber resten av livet på ein så sterk aversjon mot denne hovmodige j-en at dei sløyfar han der han skulle ha vore med. — Nåvel, det er sjølv sagt dei som meistrar dette problemet óg, men slett ikkje alle. Jamvel i gymnasiet (den vidaregåande skolen) har mange elevar store problem alt her. Dei skal jo skriva SJKT, SJIRAFF, SJIKANE, SJIMPANSE, SJIRTING, PROJISERA og liknande. — Dette er nye unnatak. Talet på dei som framleis held tritt, er gått merkbar ned. Intelligens — kva no det måtte vera — tykkjest ikkje spela stort inn her. Vi har mange døme på det. — Enno held likevel ein del følge — dei med godt utvikla visuell/motorisk evne. Men etter kvart blir det meir og meir absurd. Dei må til dømes hugsa at ALLMENN skal ha dobbel l, medan ALMINNELIG skal ha enkel. ALDRI — én l, ALLTID — dobbel. Begge dei to siste får ein tannlyd (dental) etter seg. Her er dessutan noko som strir mot «trekonsonantregelen». Denne regelen er vi nordmenn oppflaska med, og vi godtek han som det mest sjølv sagde i verda. Logikken i han spør visst ingen etter. Den diffuse regelen har jo takk og lov eitt smutthol — vi kan by han trass når det er fare for mistydingar. Det blir likevel kvart år sett millionar raude strekar på grunn av denne ortografiske fjosnissen. Eit par døme til: INNBU — dobbel n, INVENTAR, INSTANS — enkel n. ANNLEIS ANNSAM — dobbel n, ANTA, ANSE — enkel n. Men dette er vel logisk nok; inventar og in-

stans har jo latinsk opphav, anta og anse har tysk. Det veit vel alle nordmenn! Likeeins skjønner ein kvar kvifor SJELDEN (SJELDAN) ikkje skal ha k, medan SKJEBNE er krøpling utan denne k-en. Språkhistorisk kan vel dette forklarast, og då er jo saka grei!

— Ei mengd liknande døme kunne ha vore nemnde, men dette får vera nok. Berre eitt stikkord til, om det framleis skulle vera einkvan norsklærer som ikkje er heilt med: BEGYNNTE.

Dei færreste tenkjer kanskje over kva det kostar elev og lærar av arbeid, slit og ofte vonde nederlag å slåss med alt dette. Dei få som har full kontroll over norsk ortografi, har gjerne gløymt slitet dei eingong hadde med å læra han. Kor som er, dette kjem vi ikkje utanom: Uendeleg mange timar blir kvart år sløsa bort i norsk skole for å banka absurditetar inn i elevane. Mange lærarar er dessutan sjølve såre usikre i ortografien. At dette ikkje berre gjeld lærarar, får vi sanneleg prov for ved å følgja litt med i aviser, faglitteratur, reklame, fjernsyn o.a. Det kan ikkje vera mange land — i alle høve ikkje i Europa — der noko slikt er så vanleg som hos oss.

La meg understreka at eg i det føregåande mest har hatt dei med 12 års skolegang i tankane. Korleis det står til med mange av dei som tek farvel med skolen etter 9 år, kan vi kanskje tenkja oss. Dei vågar ofte slett ikkje å ta ein penn i handa, dei kjenner seg hjelpeause, er redde for å dumma seg ut. Den meiningslaust innvikla ortografien har difor i høg grad også eit politisk aspekt — han er udemokratisk. Ein stor del av folket kan ikkje nytta

den makta som ligg i det skrivne ord, og det bør vi ikkje godta!

Heilt ut kan vi truleg ikkje få det norske skriftspråket ortofont, men vi kan komma langt på veg — så langt at mykje tid i skolen kan vinnast og nyttast til meiningsfullt arbeid. Vanskane gjer seg slett ikkje berre gjeldande i norsk timane, dei verkar hemmande i alle skrivesituasjonar.

For ein gongs skuld kunne kan henda nynorsk — og bokmålsfolk her få eit høve til å samarbeida. Skriftsystemet er like gale på begge målføre. Bokmålets far, Knud Knudsen, gjorde ein verdfull innsats i arbeidet med ortofonien. Mange, både bokmåls- og nynorskfolk, har seinare freista betra skriftsystemet, men etter måten lite av dette har fått hevd. — At det er mogleg å gjennomføra det ortofone prinsippet heilt ut, har det polske språkgeniet L. Zamenhof prova. I Esperanto gjennomførte han eit vasstett logisk system. Rettskrivinga i dette språket kan ein læra på ein time. Av fleire grunnar kan vi ikkje nå så langt, men vi kunne kanskje nytta Esperanto som eit føredøme om vi ville prøva å komma eit stykke på veg.

Kva er då grunnen til at utviklinga på dette vesle feltet har gått så tregt i den norske andedammen? I studietida spurde vi ein dåverande vord professor i norsk kvifor vi ikkje kunne skriva HVERKEN utan h, eller DAMM med dobbel m. Han svara i fullt alvor at det ville bli eit uestetisk skriftbilete. No har ein sett dei estetiske kjenslene våre på ein liten prøve; vi kan skriva VERKEN! Tyskarane har i lange tider skriva STAMM, KANNTTE, STELLTE o.l.

Over til s. 3.

## DEBATT:

### „Styrke respekten for folkelig talemål”

I referat frå landsmøtet til LSS 1978, kan ein lese dette om arbeidsoppgåver for laget framover: «Eit viktig arbeid for LSS er å spre kunnskap om hva som er tillatt av folkelige former i bokmålet og å styrke respekten for folkelig talemål». Etter dette skulle ein tru at LSS ville støtte det dialektarbeidet som nå blir drive rundt om i bygdene.

Det verka difor sterkt provoserande på meg at ein tillitsmann i denne organisasjonen, Tomas Refsdal, i bladet Vestmar går til åtak på drangedalsdialekten og nynorsken. Det gjer han etter mi meinings ved å sette opp ei liste med over 100 bokmålsord som han samstundes kallar «vanlige drangedalsord». Ein god del av desse orda høyrer ikkje heime i naturleg bygdetale. Som døme kan eg nevne: begavelse, dyktighet, enhet, hel-

het, håpløshet, travelhet. Refsdal burde vite at i folkeleg talemål blir det bruka lite abstrakter, og slike ord som dei ovanfor nevnte vil bryte med måten å seie ein ting på. Difor må dei avvistas som bygdeord.

Sjølvsagt brukar Drangedal ein del lånord som alle andre bygder i dette landet. Ord som bevilgning, enighet, enstemmig, offentlig, øvrighet blir vel bruka av politikarar endå i dei mest heilnorske bygder. Det er au ein del ord i lista som ein med rette kan kalle «drangedalsord», då dei høyrer med til form- og lydverket i dialekten frå gammalt. Såleis er-ending i presens av sterke verb, vn for mn i navn, nevne, forenkling av tvilyden føre to konsonantar t.d. øst, høst for aust, haust. Det er slike trekk som gjer at dran-

Over til neste side.

gedalsdialekten med urette har fått eit mindre-verdsstempel på seg, særleg av dei «høgnorske», men au av mange bygdefolk. I ordskitet utnyttar Refsdal alt dette for å vise drangedalsmålet ikkje er nokon «nynorskdialekt», men eit «blandingsspråk» som han kallar det.

Det er nedslåande at ein god byggedialekt skal bli nedvurdert på denne måten. Folk får det inntrykket at talemålet deira er mindreverdige, det er eit rotsmål, ei blanding av ulike dialektar. I heftet «Bygdemålet i Drangedal» har eg prøvd å vise at dialekten har ei fast grammatisk oppbygging med ekte norsk seiemåte. Men slik som bøyningmønster og syntaks ser Refsdal heilt bort frå. Han er bare opptatt med lånorda og kritiserer at eg ikkje har tatt desse med i heftet som han meiner gir «ensidig og falsk informasjon». Dette er ein urettferdig kritikk. Det vesle heftet på under 50 sider var ikkje meint som noka ordbok, men er «eit grammatisk oversyn» som det står på tittelbladet.

Til ein viss grad kan eg forstå Refsdal. Han hører nok til dei såkalla «språkteknokratane» som meiner at det bare er eit teknisk spørsmål å sveise dei to språkformene saman til «samnorsk». I blind iver kjører han så ut mot det han meiner hindrar ei fortast mogleg samanslåing. Det er diverre lett å vinne folk for eit slikt syn ved å argumentere med det praktiske og økonomiske. Og så blir andre viktige sider ved målsaka gløymt. I bladet «Språklig samling» nr. 3 i fjor hadde Refsdal ein artikkel om «dobbel-medlemskap». Han skrivar her m.a. om korleis ein skal komme fram til «folkeflertallets talespråk» og tilrår i denne samanheng «ei omfattande og seriøs gransking» på dette felt. Er det ei slik gransking Refsdal har gått i gang med for drangedalsdialektens vedkomande, må eg protestere på det sterkaste. Seriøs kan denne «granskinga» iallfall ikkje kallast. Det kan ein derimot seie om den hovudoppgåva ein drangedalsstudent har levert nå i vår, nemleg Hans Kristian Voje: «Drangedalsmålet sett fra en sociolingvistisk synsvinkel.» Eg vil her sitere og seie meg hjartans einig i sluttorda: «Folks talemål er mye mer enn et kommunikasjonsmiddel. Det er først og fremst vårt viktigste identitetsmerke, det gjør at vi føler oss heime et sted, og det skaper fellesskap med andre.»

Eg har alltid hatt sympati for LSS, då eg har sett på denne organisasjonen som viktig i arbeidet for eit meir folkeleg bokmål, noko som norsklærarar i bokmålsklasser veit å sette pris på. I striden om prinsippprogrammet for Noregs Mållag, skreiv eg m.a. dette: «Etter mi mening bør NM heller sjå på samnorskfolk som kampfeller enn som motstandarar . . . Desse to organisasjonane burde kunne tevla i fredeleg kappestrid. Begge strir då for at folkemålet skal vinne framgang.» Eg vil i det lengste tru at det

ikkje er mange innan LSS som deler Refsdals negative syn på nynorsken og dialektarbeidet. Personleg kjenner eg gode samnorskfolk som er av ei anna mening, noko som det nye prinsippprogrammet for LSS også vitnar om. Me som seier oss å gå inn for folkemålet bør kunne samarbeide i staden for å motarbeide kvarandre.

Anna Nesland.

Herr redaktør!

Eg har med ei viss undring lese LSSs resolusjon mot vedtaket i Språkrådet om ei liberalisering av rettskrivinga i bokmål (Språklig Samling, 1979/1). Det heiter der m.a.: «En forholdsvis fast læreboknormal er dessuten nødvendig for et ensarta språkpreg til lette for offentlig administrasjon».

Dersom dette er meint som ein karakteristikk av den nojeldande læreboknormalen for bokmål — og samanhengen tyder unekteleg på det — vågar eg å påstå at det er ei grov forvrenging av dei taktiske fornoida. Avstanden mellom ein tekst som konsekvent bruker dei mest radikale variantane innanfor læreboknormalen og ein tekst som konsekvent bruker dei mest konservative formene, er i røynda så stor at nemninga «normal» snautt kan forsvaras. Læreboknormalen fastlegg ingen bestemt språkbruk — han er rett og slett summen av dei moglege ord- og bøyingsformer som står til rådvelde for lærebokforfattarar og ein del andre.

Den som karakteriserer læreboknormalen som «forholdsvis fast» og som garanti for eit «ensarta språkpreg», veit enten ikkje kva han snakkar om, eller også bruker han ordet «læreboknormalen» som noe nær synonymt med «den moderate variant av læreboknormalen». Det er kanskje ikkje så urimeleg, sidan denne moderate varianten har vore nokså aleine om å representere læreboknormalen utetter, overfor ålmenta, i skolebøker og kunngjeringar, men at det er føremålsteneleg å nytte ordet i denne tydinga, tviler eg på. Det kan lett gi inntrykk av at ein talar mot betre vitende — at ein argumenterer taktisk på ein måte som nesten kan kallas uheiderleg. Fordi ein meiner at det i ein gitt situasjon er ønskeleg å framstille læreboknormalen som «fast» og «ensarta», ser ein bort frå ubehagelege fakta som burde vere velkjente for medlemmene av LSS, og utnyttar — bevisst eller ubevisst — vanlege folks manglande kunnskap om kva læreboknormalen eigentleg står for.

LSS går i resolusjonen sin inn for «et ensarta språkpreg til lette for offentlig administrasjon». At laget legg vekt på uniformitet i språkbruken, er for så vidt ikkje overraskande. LSS er jo stifta nettopp med det mål for auga å føre den norske språkreisinga fram til noe alle språkstrevtilhengjarar oppfattar som den logiske avslutning på ei «naturnødvendig utvikling»: eit språktilstand der motsetninga mellom dansk og norsk, riksmål og landsmål, overklassemål og folkemål er avløyst av ei full og frivillig (?) oppslutning frå alle lag i samfunnet om eit nytt, samlande skriftspråk som står som det sjølvsgagne, uomstridde symbol på nasjonens einskap. Eit slikt syn inneber vel at ein også stiller bestemte forventningar og krav til korleis dette ensarta skriftspråket skal vere. Ein prioriterer nok uniformitet høgt — det er jo ein nødvendig eigenskap ved alle skriftmål som skal samle ein nasjon — men ein er ikkje villig til å kjøpe uniformitet ved å oppgi sine forestillingar om korleis framtidsspråket skal sjå ut. I detalj kan vel meiningane sprike, men eg går ut frå at dei fleste medlemmer av LSS t.d. vil halde fast ved at den samlande norma dei drømmer om og strider for, må ha tilnærma full hokjønnsbøyning av substantiva og a-ending i preteritum av linne verb.

Eg held det altså for mest sannsynleg at påpeikinga av det ønskjelege i ein fast normal i dette tilfellet er eit døme på situasjonsbestemt og ikkje heilt heiderleg argumentasjon, ettersom læreboknormalen bevisleg er det motsette av einsarta. Dersom eg imidlertid skulle ta feil på dette punktet, og det verkeleg er slik at LSS meiner at eit «ensarta språkpreg» i dag er eit overlag viktig, ja kanskje overordna mål, vil eg rå laget til å vurdere om ikkje former som *frå, grøn, øyer* (pl. av *øye*), *fremmend, følgje, minespell, oske, tråve, måndag, høgsinna* bør strykjas i læreboknormalen for bokmål, ettersom det er svært sjeldan ein møter dei i skrift, og dei truleg har liten eller ingen sjanse til å bli dominerande. På den måten vil ein oppnå ein monaleg reduksjon av variantmengda. Rett nok endrar ein ikkje dermed faktisk forekommande språkbruk i særleg grad, sidan desse formene mest har vore ordlistefyll, men ein oppnår i alle høve at kartet blir meir i samsvar med terrenget. Korleis ein skal stille seg til liberaliseringsvedtaket i Språkrådet, får ein så drøfte i neste omgang. Den mest einslaga norma, med færrest variantar, ville ein sjølv sagt få ved å satse på ein av dei eksisterande moderate bokmålsnormalane (i dei inkluderer og også riksmålsnormalen). Men alle desse normalane inneheld former som ikkje kan seias å stå så sterkt at det er naturleg å gjere dei til eineformer (t.d. *mjøl, seig, ramn, efter, ferge, grube*), rett og slett fordi det er grenser for kva ein kan gjennomføre av påbod som er i strid med utbreidd skriftleg språkbruk (målstoda vår er vel det beste bevis på det!). Eit visst antal variantar må ein derfor akseptere, viss ein meiner at normalen bør vere ei avspiegling av dominerande skriftleg språkbruk i Norge i dag, og ikkje ei ønskeliste utarbeidd av LSS eller Riksmålsforbundet. I gruppa av slike nødvendige variantar høyrer etter mitt skjønn også *sola/solen, døra/døren, klokka/klokken* osv. heime.

Resonnementet ovanfor er basert på at ein nærmar seg oppgåva å sette opp ein samlande offentleg normal for bokmål i dag utan forutfatta idear om korleis denne normalen bør vere, bare med det mål for auga: å utarbeide eit sett av reglar som er i samsvar med framherskande skriftleg språkbruk, og derfor har utsikt til å bli etterlevde.

Sidan LSS til slutt i resolusjonen mot vedtaket i Språkrådet kjem med ei tilvising til noe dei kallar «undertrykking», som dei synes å meine at styresmaktene bør tillegge stor vekt når dei skal vurdere liberaliseringsframlegget, reknar eg med at laget vil avvise den framgangsmåten og har skissert. Kva som ligg i begrepet «undertrykking» i denne samanheng, står imidlertid ikkje heilt klart for meg, og eg ville vere takksam for ei presisering frå LSS. Personleg kan eg t.d. tenke meg følgjande tolkingar som moglege:

- X er undertrykt når det offisielle skriftspråket vik av frå talemålet hans.
- X er undertrykt når det offisielle skriftspråket vik av frå talemålet hans og dessutan er vanskeleg å tileigne seg, fordi det t.d. har ein meir komplisert morfologisk struktur enn talemålet hans.
- X er undertrykt når han ikkje høyrer til den gruppa i samfunnet som har eit talemål som samsvarar med eller ligg nær opp til det offisielle skriftspråket.

Dersom ein vel tolking a), synes undertrykking å vere uunngåeleg så lenge det fins eit offisielt skriftspråk, ettersom dette skriftspråket i eit målførekløyvd land aldri kan vere i samsvar med alle geografiske og sosiale avbride av talemålet. Undertrykkinga kan opphevas ved å avskaffe det offisielle skriftspråket og la alle skrive sin eigen dialekt (den såkalla Hellas-løysinga). Om dette er føremålstenleg og gjennomførleg politikk i ein moderne stat, er ei anna sak.

Dersom ein legg tolking b) til grunn, og altså meiner at det må stillas bestemte kvalitative krav til avika for at ein skal kunna tale om undertrykking, er det nærliggande å karakterisere t.d. forholdet mellom dansk skriftspråk og dei vestjyske målføra som eit eksempel på undertrykking, fordi det er svært vanskeleg å gå frå det vestjyske systemet med inndeling av substantiva i to klasser, den-ord (det som kan teljas) og det-ord (det som ikkje kan teljas), til det heilt ulike genussystemet i riksdansk. På liknande måte må ein kunna gå ut frå at tilhøvet mellom dialekten i den jugoslaviske byen Nis, som har eit trekasussystem, og det serbokroatiske skriftspråket, som har eit sjukasussystem, er eit døme på undertrykking, sidan undersøkingar viser at dei fleste Nis-buar aldri vann skikkeleg herredømme over skriftspråket på dette punkt. Ein kan også spørje om ikkje t.d. systemet av fleirtalsendingar ved substantiva i nynorsk skriftspråk (*hestane, veskene, husa*) kan tenkas å bli opplevd som undertrykkande av språkbrukarar som i talemålet sitt bare har ei ending (*hæstan, væskan, husan*). Derimot kan ein snau kalle tokjønnsystemet i tradisjonelt riksmål undertrykkande ifølgje tolking b), fordi det er lett å gå frå eit system med tre klasser — a, b og c — til eit system med to klasser, der a og b fell saman i a.

Ved tolking c) vil, liksom ved tolking a), undertrykking stort sett vere uunngåeleg. Det inngår jo på ein måte i definisjonen av eit offisielt nasjonalt skriftspråk at dette språket, ved sida av å bli nytta i skrift, også danner mønster for talemålet til bestemte lag av befolkninga. Skal ein forhindre at det skjer undertrykking etter tolking c), må ein altså heile tida bevisst forandre skriftspråket slik at det aldri fell saman med talemålet til noe bestemt samfunnslag. I praksis lar dette seg knapt gjennomføre, sjølv om ein i Norge har nådd eit stykke på veg i den lei. Men også hos oss ser vi at somme barn veks opp i heimar der begge foreldra talar læreboknormalen, og såleis får ein unnamon framfor barn som er oppvaksne i omgivnader der det blir tala telemål, bergensmål, frognermål eller trøndermål.

Ei fjerde mogleg tolking av «undertrykking» (tolking d), ville kanskje vere: «X er undertrykt når han sjølv opplever seg som undertrykt», men eg reknar ikkje denne tolkinga som noen sannsynleg presisering av det LSS legg i begrepet, og derfor har eg ikkje tatt henne med ovanfor. Mitt inntrykk er at dei som nyttar «undertrykking» som eit argument for radikaliserings av bokmålet, gjerne ser at X erklærer at han kjenner seg undertrykt, men på den andre sida ikkje vil godta fråværet av slike kjensler hos X som eit kriterium på at det ikkje ligg føre undertrykking.

Oppsummerande kan ein seie at det sjølv sagt alltid er mogleg å hevde at X er undertrykt utan sjølv å vite det, fordi han er eit offer for falskt medvit, men ein slik påstand er lite interessant dersom han verken kan stadfestas eller motprovas. I røynda dreier det seg her om freistnader på å erstatte ei *bør*-utsegn av typen «Eit offisielt norsk skriftspråk bør ha tilnærma full hokjønnsbøying av substantiva og a-ending i preteritum av linne verb, fordi dette er typisk for dei fleste norske dialektar» med ei *bør*-utsegn av typen «Språkleg undertrykking bør avskaffas ved at ein lar skriftspråket få tilnærma full hokjønnsbøying av substantiva og a-ending i preteritum av linne verb». Ingen av setningane kan verifiseras eller falsifiseras, men det er vel ikkje tvil om at det siste postulatet kan rekne med større opplutning enn det første, fordi det inneheld det upresise, men sterkt negativt ladde ordet «undertrykking», og dermed i langt høgare grad appellerer til kjenslene. Taktikken kan minne om visse riksmålskrinsars bruk av slagordet «fri sprogutvikling».

Med vennleg helsing

Ole Michael Selberg

## SPRÅKLIG SAMLING

Abonnement 20 kroner året  
Skriftstyrarar: Ernst Håkon Jahr, Gabbrovn. 11,  
9022 Krokeldalen. Tlf.: (083) 30 483  
Torun Gulliksen, Slagkrogen 65, DK-5220 Odense,  
Danmark.

Returadr.: Postboks 636, Sentrum, Oslo 1

# Arbeiderpartiet og språklig tilnærming

*Fleire innlegg i Arbeiderbladet (Oslo) i våres hevda at det nå er på høg tid at Arbeidarpartiet stakar ut eit språkpolitisk program til avløyning av den «språkfredslinja» som partiet har følgd*

Bokmålsseksjonen i Norsk Språkråd har som kjent gått inn for at ei lang rekke konservative riksmålsformer kommer med i læreboknormalen. Som svar på spørsmålet om hvordan Arbeiderpartiets gruppe i Stortinget vil stille seg til dette, sier en av partiets fremste talsmenn i språksaker Per Karstensen (Dagbladet 31.1.79):

«Det er umulig å si, men min erfaring er at vi ikke engasjerer oss så voldsomt i en sak som dette. Hovedinnstillingen er at vi vil føre en politikk som skaper størst mulig språkfred».

Det er altså grunn til å vente lite engasjement blant Arbeiderpartiets talsmenn i et kulturspørsmål som vel er det viktigste på svært lenge. Når konservative krefter er i ferd med å lykkes i sitt strev for å snu ei lang utvikling i retning av et skriftspråk som er bedre tilpassa talemålet til folk flest, da vil partiets folkevalgte holde låg profil.

Slik jeg ser denne saka, er spørsmålet nå:

Skal skriftspråket være basert på talemålet til vanlige menneske i bygd og by, være slik utforma at flertallet kjenner det som sitt eget og finner det lett å bruke? Eller bør vi for frendens skyld føye oss og la norske skriftspråk for all framtid bli tufta på talemålet til et lite mindretall som føler seg kulturelt høgt heva over vanlige folk, og som gjør narr av deres naturlige talemålsformer?

En tidligere Arbeiderpartihovding som Martin Tranmæl så klart hvor viktig språkspørsmålet er for frigjering av de breie lag av folket. Den gamle samnorskmannen ville nok ikke blitt særlig glad for å se at Riksmålsforbundets faneord (f.eks. frem) nå blir nytta av lederskribenter i avisa hans.

Forhåpentligvis er det fortsatt mange i partiet

*frå byrjinga av 1960-åra. Her gir vi att eit av desse innlegga, skrivi av Alfred Kvalheim. Det stod i Arbeiderbladet 8.2.*

som meiner at arbeidet for ett norsk skriftspråk bygd på talemålet igjen bør bli ei merkesak for arbeiderrørsla. Ingen kan med noen rett hevde at radikale skriftformer har fått sin sjanse uten å slå gjennom. Faktum er at vi ikke har den frie språkutviklinga i landet som enkelte trur. Det skjer hele tida ei omfattande uoffisiell normering av språket i konservativ lei — på arbeidsplassen, i aviser og i forlag. De som har makta i næringslivet bestemmer også hva slags språk som skal komme på trykk. Vi opplever likevel nå at yngre forfattere og journalister i økende grad ønsker å legge til grunn naturlig talemål når de skriver.

For virkelig å kunne få svar på om et samnorsk har livets rett, bør det etter mi meining så snart som mulig bli utarbeidd ei talemålsbasert skriftnorm i tillegg til bokmål og nynorsk. Studenter, skoleelever og andre som måtte ønske det, må da fritt kunne nytte dette alternativet på linje med dagens to målformer. All forskning viser at nordmenn på basis av talemålet ikke kan deles i to atskilte grupper. Det store flertallet har talemål så likearta at det skulle være forholdsvis enkelt å komme fram til en fellesnevner for ei slik skriftform. Dette må være et rimelig minstekrav til våre fredsæle politikere.

Bjerg Helle — oppnevnt av Arbeiderpartiets stortingsgruppe som medlem av Språkrådet — viser i Arbeiderbladet 1. februar 1979 til at partiet ikke har noe språkpolitisk program, og stiller spørsmålet om en ikke bør skaffe seg det. Jeg trur mange meiner det er på høg tid at dette skjer.

Alfred Kvalheim